

SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 200912380
Arkivnr. 642
Sakshandsamar Oftedal, Jørn

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Kultur- og ressursutvalet	12.01.10	1/10

HØYRINGSFRÅSEGN TIL DIFI SIN RAPPORT "NYE TIDER - NYE TAKTER - EN GJENNOMGANG AV RIKSKONSERTENE"

Kultur- og ressursutvalet 12.01.10

Dag Rune Mo sette fram slikt fellesforslag på vegner utvalet:

”Nytt punkt 5

5. Skulekonsertane er ein sentral del av Rikskonsertane (RK) sitt programtilbod. Det er naturleg at brukarane får medverknad i programarbeidet. Elevane må difor vere representert i programrådet for RK gjennom Ungdommens fylkesting.”

Røysting

Det var 12 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Mo sitt fellesforslag vart vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at Rikskonsertane ytterlegare styrkjer sin posisjon som ressurs- og kompetansesenter for skulekonsertordninga i nær dialog med fylkeskommunane.
2. Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje å vidareføre ordninga med at Rikskonsertane sentralt skal produsera minimum 25% av skulekonsertvolumet i Hordaland. Det må vera høve for Hordaland fylkeskommune å eigenprodusera meir enn 75% av volumet.
3. Rikskonsertane bør i større grad bidra til, i samarbeid med fylkeskommunen, å utvikle spesielle program til dømes kombinerte skule- og kveldskonsertprogram og skulekonsertprogram i samarbeid med ulike kulturinstitusjonar i fylket. Det må overførast økonomiske midlar til Hordaland fylkeskommune for å vidareutvikle slik satsing.
4. Kommunane sin eigenbetaling pr. elev for skulekonsertordninga bør omorganiseras, slik at den vert samordna med innbetaling til Den kulturelle skolesekken. Kommunane bør kunne halde seg til ein instans.

5. Skulekonsertane er ein sentral del av Rikskonsertane (RK) sitt programtilbod. Det er naturleg at brukarane får medverknad i programarbeidet. Elevane må difor vere representert i programrådet for RK gjennom Ungdommens fylkesting.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 13. januar 2010

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND

Mildrid Bluteken

SAKNR. 1/10
MØTEDATO 12.01.10

Saksgang	Møtedato	Saknr	Saksordfører
Kultur- og ressursutvalet	12.01.10	1/10	

Høyringsfråsegn til DIFI sin rapport "Nye tider - nye takter - en gjennomgang av Rikskonsertene"

Forslag til innstilling, sjå saksframlegg.



Arkivsak 200912380-1
Arkivnr. 642
Saksh. Oftedal, Jørn

Saksgang	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	12.01.2010

HØYRINGSFRÅSEGN TIL DIFI SIN RAPPORT "NYE TIDER - NYE TAKTER - EN GJENNOMGANG AV RIKSKONSERTENE"


SAMANDRAG

I februar 2009 bad Kultur og kyrkjedepartementet Direktoratet for forvaltning og IKT (DIFI) om å foreta ein gjennomgang av Rikskonsertane. Til grunn for rapporten ligg mellom anna Løkenutvalet sin sluttrapport frå juni 2008, der ein ber departementet "vurdere en gjennomgang av Rikskonsertene sin rolle i norsk, musikkliv", samt St.prp nr. 1 (2008-09) der ein mellom anna peikar på at: "Som et ledd i arbeidet med å sikre et godt musikktilbud til hele landet, tar departementet sikte på å gjennomgå Rikskonsertene sin virksomhet". Departementet ber om høyringsfråsegn frå mellom anna fylkeskommunane.

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune er positiv til at Rikskonsertane ytterlegare styrkjer sin posisjon som ressurs- og kompetansesenter for skulekonsertordninga i nær dialog med fylkeskommunane.
2. Hordaland fylkeskommune ønskjer ikkje å vidareføre ordninga med at Rikskonsertane sentralt skal produsera minimum 25% av skulekonsertvolumet i Hordaland. Det må vera høve for Hordaland fylkeskommune å eigenprodusera meir enn 75% av volumet.
3. Rikskonsertane bør i større grad bidra til, i samarbeid med fylkeskommunen, å utvikle spesielle program til dømes kombinerte skule- og kveldskonsertprogram og skulekonsertprogram i samarbeid med ulike kulturinstitusjonar i fylket. Det må overførast økonomiske midlar til Hordaland fylkeskommune for å vidareutvikle slik satsing.
3. Kommunane sin eigenbetaling pr. elev for skulekonsertordninga bør omorganiseras, slik at den vert samordna med innbetaling til Den kulturelle skolesekken. Kommunane bør kunne halde seg til ein instans.


Paul M. Nilsen


Ronny B. Skaar

FYLKESRÅDMANNEN, 18.12.2009:

Hordaland fylkeskommune har sidan 1991 hatt eit formelt samarbeid med Rikskonsertane om produksjon og distribusjon av skulekonsertar i fylket. I juni 2008 vart Hordaland fylkeskommune beden om av Rikskonsertane om å reforhandle gjeldande samarbeidsavtale. I hht. ST.prp. nr. 1 (2007-2008) vart Rikskonsertane beden om å: *"forhandle fram nye avtaler om produksjon av skulekonsertar med fylkeskommunane gjeldende fra 2009. Under forutsetning av at et høyt kvalitativt nivå blir opprettholdt, skal størst mulig del av konsertproduksjonen skje regionalt"*

Frå 1. januar 2009 har Hordaland fylkeskommune ansvar for produksjon og distribusjon av 75% av samtlige skulekonsertar til born og unge i grunnskuleane i fylket. Omlag 6000 grunnskulelevar får 2 konsertar kvart skuleår fordelt på ca 35 ulike produksjonar og om lag 80 ulike utøvarar vert kvart år engasjert av Hordaland fylkeskommunen.

Rapporten peiker på at sidan Rikskonsertane vart etablert i 1968 har det skjedd vesentlege endringar i føresetnaden for verksemda. Mellom anna har talet på profesjonelle musikarar og konsertarrangørar auka kraftig og konsertarrangørar og fylkeskommunane har utvikla sine ressursar og er dermed mindre avhengige av Rikskonsertane si bistand.

I Hordaland har det mellom anna vekse fram eit stor tal frilansmusikarar innan alle sjanger, samstundes som fylkeskommunen har teke initiativ til og støt regionale sentra/interesseorganisasjonar mellom anna innan rytmisk musikk og folkemusikk (Vestnorsk Jazzsenter, Brak, Ole Bull akademiet, fylkesmusikkgruppa).

Desse endringane i føresetnaden for verksemda til Rikskonsertane legg som rapporten peiker på store krav til endring i organisasjonen. Rikskonsertane bygger nå opp ein rolle som ressurs og utviklingssenter for skulekonsertordninga, medan fylkeskommunane har teke over meir av produksjon og formidling. Ein bør kunne stille spørsmål ved om ikkje Rikskonsertane i større grad bør vere eit ressurs og kompetansesenter og overlate i sin heilskap produksjon og distribusjon av skulekonsertar til fylkeskommunane.

Rapporten peiker og på det faktum at fylkeskommunane får meir ut av midlane til skulekonsertar enn Rikskonsertane sentralt og at det ville vere betre ressursutnytting å overlate heile gjennomføringsansvaret for skulekonsertane til fylkeskommunane. For Hordaland fylkeskommune sitt vedkommande vil ei slik ordning mellom anna føre til ein betre heilskapleg planlegging og gjennomføring og med det kunne sikre ein betre heilskapleg programmering, til beste for musikklivet i fylket. Rikskonsertane har i sin 25% den av skulekonsertane i Hordaland vert i alt vesentleg nytta utøvarar frå Østlandsregionen. Ein ordning som er kostnadskrevjande og fører til ulikt syn på programmering og innhald mellom fylkeskommunen sine produksjonar og produksjonar produsert sentralt. Rikskonsertane ønskjer å halde på min. 25% av produksjonane i Hordaland utifrå omsynet til høg kvalitet, kulturelt mangfald og sjangermessig variasjon . Desse måla vert i dag ivaretekne av fylkeskommunen sitt produksjonsapparat og er retningsgjevande for deira arbeid.

Hordaland fylkeskommune har sidan avtalen første gong vart underteikna, produsert og turnert med det ein kallar kombiturnear. Det vil seie at musikarar som spelar skulekonsertar om dagen held kveldskonsertar i lag med det lokale musikklivet på kveldane. Denne ordninga har Hordaland vert aleine om i dei siste 10 åra. Fylkeskommunen har ved fleire høve presisert overfor Rikskonsertane verdien av slike kombikonsertar. Det er derfor med stor interesse ein kan konstatere at Direktoratet i sin rapport peiker på at ein slik løysing er god bruk av ressursar og vil føre til ein betring av det offentlege konserttilbodet. Ein klar føresetnad for at dette tilbodet skal fungere er at fylkeskommunane koordinerar dette tilbodet, noko som også rapporten peiker på. Ein føresetnad for å gjennomføre ein slik ordning er at Rikskonsertane tilføre ytterlegare økonomiske mildar til fylkeskommunane. Fram til i dag har ordninga i Hordaland vert finansiert via dei økonomiske rammer for skulekonsertverksemda. Det er ikkje aktuelt for fylkeskommunen å subsidiere ein slik ordning.

Rikskonsertane har dei seinare år vore meir prega av dialog med fylkeskommunen. Det vert jamleg kalla inn til fagsamlingar regionalt og nasjonalt. Samlingar er eit fagleg fora der ein diskuterar utvikling av skulekonsertforma og nye idear vert presenterte. Satsinga frå Rikskonsertane på

oppbygging og utvikling av deira eige sitt ressurs og kompetansesenter er i rapporten omtalt som særskild viktig også for det regionale samarbeidet.

Kommunane i Hordaland som er med i skulekonsertordninga betalar i dag for å vere med i skulekonsertordninga med kr. 18,- pr elev pr. år. Kommunane si eigenbetaling for skulekonsertordninga bør leggast om slik at det vert betre samordning mellom kommunane sin betaling for skulekonsertar og tilbod frå Den kulturelle skolesekken.